



Statens vegvesen

Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUME

Lisbeth Selstø

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/104280-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.04.2018

Svar på melding om offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for næringsareal på Smålonane – gnr. 35 bnr. 498 m. fl. Straume – Fjell kommune

Vi viser til Dykkar oversending av 10.04.2018 med framlegg til detaljregulering for næringsareal på Smålonane, gnr. 35, bnr. 498 m. fl. på Straume i Fjell kommune.

Planframlegget legg til rette for om lag 19 000 m² næringsareal, som skal nyttast til plasskrevjande – og detaljhandel fordelt på fire bygningsvolum. Det vert lagt til grunn at fordelinga mellom type handel vert om lag 15 000 m² til plasskrevjande handel og 4000 m² detaljhandel, av dette 2000m² daglegvare.

I samband med utlegging av planframlegget til offentlig ettersyn har reguleringsføresegnene vorte endra ved at ein i § 5.2.2 har teke bort «2000 m² daglegvare», slik at det no står 4000 m² detaljhandel.

Statens vegvesen har tidlegare i vårt brev av 16.08.2017 gjeve uttale til varsel om oppstart av dette planarbeidet. I vår uttale peika vi på at det som ein føresetnad for planarbeidet vart lagt opp til ei utvikling av området som vil føre til auka trafikk i strid med føresetnadane i kommunedelplan (KDP) for Straume 2008–2018. Det er difor viktig at ein er restriktive med talet på parkeringsplassar som det vert lagt opp til, samstundes som det vert lagt til rette for eit tilstrekkeleg tal på sykkelparkeringsplassar og utforming av tiltak for mjuke trafikantar som reduserer trongen for bilparkeringsplassar.

Statens vegvesen meiner at det ikkje er lagt godt nok til rette for å oppfylle dette kravet til sykkelparkeringsplassar i planframlegget i høve til kravet i kommunedelplanen (KDP) for Straume slik det går fram av rådmannen si vurdering av planframlegget.

Vi registrerer at det er lagt opp til eit lågare tal på bilparkeringsplassar enn det som ligg som generelt krav i kommuneplanen for Fjell kommune, noko som er naturleg då Straume skal vidareutviklast til eit regionalt handlesenter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Planframlegget legg opp til ei byggegrense på 15 meter mot fylkesveg 209 Arefjordvegen. Statens vegvesen finn å kunne akseptere at det vert tillate med bygging så nært opptil fylkesvegen.

Vi har i vårt brev av 16.08.2017 teke opp forholdet til bede-, forsamlingshus, kulturhus på gnr. 35, bnr. 139 (Straume forum) på motsett side av den kommunale vegen Idrettsvegen langs austsida av planområdet.

I planframlegget er det vist eit areal med breidde på ca. 2,5 meter som er definert som «Anna veggrunn-grøntareal». Dette arealet er no opparbeidd som eit fortau utan skilje mot parkeringsarealet mot forsamlingshuset. Dette fører til at parkerte bilar okkuperer deler av fortausarealet og såleis reduserer trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Tilkomsten til eigedomen er heller ikkje løyst på ein tilfredsstillande måte i krysset til idrettsanlegget på gnr. 45, bnr. 121.

Fjell kommune må sørge for at desse trafikkløysingane vert utført på ein måte som sikrar god trafikktryggleik både med omsyn til vegtrafikk og mjuke trafikantar.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN